

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 18.04.2006
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 11.03.06 - 17.04.06**

Styresak 033/06 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 8

Styremøte 03.05.2006

Oversikt over nye lovar og lovendringar i perioden 11.03.06 – 18.04.06

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld	
Det er ikkje gitt nye lover eller gjort endringar i relevante lover i perioden.			

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 11.03.06 – 18.04.06

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld	
Forskrift om offentlige anskaffelser	10.04.06	Med heimel i lov om offentlige anskaffelser er det vedtatt ny forskrift om offentlege innkjøp. Forskrifta erstattar tidlegare forskrift og gjennomfører i norsk rett EU-direktiv 2004/18/EF samstundes som det og er gjort endringar i den nasjonale delen av regelverket. I gjeldande forskrift om offentlege innkjøp blei det i januar 2004 innført ein mellombels heimel som tillet statlege og kommunale innkjøparar å forhandle direkte med ideelle organisasjonar når dei skal kjøpe helse- og sosialtenester. Den generelle bakgrunnen for unntaket er at det er usikkert om kravet til open konkurranse tek nok omsyn til eit ønske om samfunnsengasjement og samarbeid med dei ideelle organisasjonane. I den nye forskrifta er dette unntaket vidareført.	

		Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ambisjon om at den nye forskrifta skal tre i kraft 1. juli 2006, men det er framleis stor uvisse knytt til tidspunktet då innkjøpsdirektiva ikkje er ferdigbehandla i EØS-systemet.
--	--	--

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 11.03.06 – 18.04.06

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Det er ikkje motteke myndigheitkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden.		